

LUTHERSK KIRKETIDENDE



INNHOOLD

Kirken og bedehusdåp / Geistleg bruk av folkeleg norsk / Idealistisk antropologi og uklar erfaringsteologi / Fra bokfronten / Fra bispedømmerådene og Kirkedepartementet

SØNDAGSTEKSTEN

Julaften - Lise Horn

Julenatt/ottesang - Frode Granerud

Juledag - Ingvild Helene Mydske Fallegård



Det nye er ikke denne form for privat dåp, men at dåp også blir foretatt på bedehuset

Kirken og bedehusdåp

Presseoppslag basert på uttalelser fra biskop Ingeborg Midttømme i Møre har skapt debatt om kirkens forhold til dåp foretatt på bedehuset. Antydninger om at slik dåp ikke auto-

matisk medfører medlemskap i Den norske kirke, førte til sterke reaksjoner fra bedehusledere. Etter hvert synes debatten å ha kommet inn i et roligere spor der begge parter har

måttet erkjenne at det i dette feltet er spørsmål som trenger videre avklaring. At spørsmålet blir satt på dagsorden på en måte som inviterer til samtale og refleksjon, vil etter mitt skjønn være av det gode.

Ifølge kirkelovens § 3.5 blir et barn som "hører inn under" Den norske kirke, medlem av kirken når det blir døpt. Siden loven ikke setter noe krav til omstendighetene ved dåpen, er det uklart om enhver dåp automatisk medfører slikt medlemskap. De liturgiske ordninger forutsetter riktignok at dåp normalt sett skjer i en gudstjeneste, men åpner opp for nøddåp der et udøpt barn "ikke kan bringes til kirken på grunn av sykdom, svakhet eller andre spesielle forhold." (Gudstjenestebokens del II, s. 14) For slike tilfeller har Den norske kirke en egen ordning for "stadfestelse av nøddåp". De liturgiske ordninger tar altså ikke høyde for at barn blir døpt utenfor gudstjenesten når det ikke er snakk om nøddåp.

At den slags dåp utenfor gudstjenesten forekommer, er ikke noe nytt. Lengre før spørsmålet om bedehusdåp kom på dagsorden, hendte det at man i radikale lekmannskretser dømte barna sine hjemme, gjerne som uttrykk for manglende tillit til kirke og prest. Kirkelig stadfestelse av slik dåp var naturligvis meningsløst. I de fleste tilfeller ble likevel dåp foretatt på en slik måte innført i kirkebøkene og barna regnet som kirke-medlemmer. Det nye er ikke denne form for privat dåp, men at dåp også blir foretatt på bedehuset.

Kirken kan gjerne beklage at noen velger dåp i andre sammenhenger enn gudstjenesten, men kan neppe gjøre særlig mye med det. Selv om kirkeretten er klar på dette punktet, vil det være lite klokt å nekte å anse dåpen som medlemskapskonstituerende, så sant den har skjedd i den treenige Guds navn. En slik holdning rimer dårlig med den inkluderende holdning til kirkemedlemskap og medlemskapsrettigheter som man ellers har inntatt. En forutsetning er naturligvis at dåpen blir dokumentert og meldt til kirkebokfører på en skikkelig måte. En avvisning av at slik dåp konstituerer kirkemedlemskap kan dess-

uten omgås enkelt ved å formulere meldingen om dåp som en innmelding.

Et interessant trekk ved bedehuslederens reaksjon i dette spørsmålet har vært den vekt de tross alt legger på medlemskap i Den norske kirke. Samtidig som Indremisjonsforbundet har vedtatt å registrere et eget trossamfunn for dem som *ikke* vil være medlemmer av Den norske kirke, protesteres det sterkt hvis retten til medlemskap for dem som *vil* være medlem, blir truet. Spørsmålet om medlemskap blir i første rekke forstått som en individuell rettighet. Verken når det gjelder medlemskap i Den norske kirke, eller når det gjelder oppføring i Indremisjonsforbundets medlemsregister, synes det å handle om tilhørighet til et fellesskap.

For å forstå en slik tenking er det nødvendig å peke på den statskirkelige ramme som

Det er ingenting som tyder på at man kan "disiplinere" bedehusforsamlingene inn i en større konformitet i forhold til kirkelige ordninger

historisk sett har preget forholdet mellom kirke og bedehus. Statens makt sørget ikke bare for å opprettholde kirken, men også for frihet for dem som ønsket å innrette seg på tvers av de kirkelige ordninger (f.eks. rett til fri nattverd). Samtidig kunne man oppfatte

kirkemedlemskapet som noe man hadde rett til som borgere. Staten ivaretok ens religiøse rettigheter, uten å pålegge en tilsvarende plikter. Vi ble minnet om den fortsatte betydning av den statskirkelige ramme da en lokal indremisjonsleder truet med å klage til statsråden dersom mørebiskopen ikke ville akseptere bedehusdåpen som grunnlag for kirkemedlemskap.

Situasjonen i dag preges av at det statskirkelige rammeverket er i ferd med å avvikles. En følge av det er at Den norske kirke i større grad fremstår som et selvstendig trossamfunn. Dette skaper en ny dynamikk i forholdet til bedehus og organisasjoner, som nå i større grad må forholde seg til et trossamfunn og ikke et statskirkelig rammeverk.

Ifølge luthersk ekklesiologi er grunnenheten i kirken den lokale menighet, med samlingen om Ord og sakrament som sitt sentrum. Dåpen handler i denne sammenheng ikke bare om det individuelle gudsforholdet, men om tilhørighet til dette fellesskapet. En tenkning omkring

kirkemedlemskap som bare fokuserer på det individuelle uten å ta hensyn til det fellesskap man døpes inn i, er derfor teologisk mangelfull.

I et ekklesiologisk perspektiv er en bedehusforsamling ikke mindre menighet enn en soknemenighet innen Den norske kirkes offisielle struktur. Forstått som menighet er det heller ikke unaturlig at man innlemmer mennesker gjennom dåp. Men hvis man samtidig insisterer på at dåpen i bedehusforsamlingen betyr innlemmelse i Den norske kirke, forutsetter det at også bedehusforsamlingen har en eller annen form for tilhørighet til kirken.

Som kirkesamfunn kan Den norske kirke teologisk forstås som et fellesskap av menigheter. Til dette fellesskap hører gjensidige forpliktelser, bl.a. regulert gjennom kirkeretten. Spørsmålet er hvordan man forholder seg til menigheter som gjennom sin praksis viser at de ønsker å ha en relasjon til dette fellesskapet, men i liten grad vil la seg forplikte på fellesskapets ordninger.

Responser fra offisielt hold i Den norske kirke har så langt vist at man heller ikke helt har maktet å frigjøre seg fra det statskirkelige tenkesett. Et slikt tenkesett kommer bl.a. til uttrykk i det som lett kan oppfattes som en formalistisk tilnærming til den utfordring

denne type menigheter representerer. Da Kirkemøtet i sin tid lagde en ordning for valgmenigheter, ble denne så stramt utformet at bare én menighet så langt har funnet grunn til å benytte seg av den. Den statskirkelige arv kan også gi seg uttrykk i en viss autoritær tendens, der man opptrer som den som alltid setter premissene. Det er imidlertid ingenting som tyder på at man kan "disiplinere" bedehusforsamlingene inn i en større konformitet i forhold til kirkelige ordninger.

I takt med at det statskirkelige rammeverk utvikles, vil forholdet mellom kirke og bedehus måtte finne sin form på ny. Utfallet av en slik prosess kan bli nye frikirkedannelser, men det kan også være at man makter å bevare den viktige strømmen som bedehusbevegelsen har representert, innenfor Den norske kirke. Ansvaret hviler her både på bedehus- og organisasjonslederne og på lederskapet i Den norske kirke. Den fleksibilitet og evne til forståelse som har vist seg nødvendig i økumenisk arbeid, kan vise seg å være nødvendig også i den "indre økumenikk" i kirken.

I takt med at det statskirkelige rammeverk utvikles, vil forholdet mellom kirke og bedehus måtte finne sin form på ny

måtte finne sin form på ny. Utfallet av en slik prosess kan bli nye frikirkedannelser, men det kan også være at man makter å bevare den viktige strømmen som bedehusbevegelsen

HARALD HEGSTAD
harald.hegstad@mf.no



Geistleg bruk av folkeleg norsk

AV PER HALSE

Det slo ikkje feil i år heller. Når det frisknar til i valkampene her på berget, kjem gjerne ein tøff ungdomspolitikar med utsegner som at "Nynorsken skal tilbake i fjøset der den hører hjemme".¹ Det er lang tradisjon i Noreg for å knyte nynorsk til utkantane og bygdekulturen. Språket høyrer liksom til på stabburstrappa og stølsvollen eller i sauefjøsen. Men vitnar utspel som det siterte om ein kollektiv anger over at folkemålet i si tid vart stovereint - ikkje berre i naturlyrikk og bondeforteljingar, men også på teaterscene, i skulehus og kyrkjerom? Denne artikkelen vil fokusere på språklege haldningar og praksisar i *presteskapet*. Kva rolle spela teologane då nynorsken fann veg "Fra Fjord og Fjære, Fra Fjeld og dyben Dal" - til borgarlege bestestover, til aviser og universitet, ja heilt fram til preikestol og altarbord? Etter dei historiske glimta rundar me av med nokre spørsmål til det språklege medvitte hjå prestane i vår eiga tid.

I Martin Luthers reformatoriske program hørde det med å gje folka Guds ord på eigne mål, men slik gjekk det ikkje i Noreg: "Gjennem Salmebogen, Bibeloversættelsen og det hele literære Apparat, som ledsagede Reformationen, er det Tydsk-Danske kommet ind", slo Magnus Brostrup Landstad fast i 1862. Gjennom dansketida var norsktalende prestar eit særstykke. Våren 1735 søkte Søren Schive i Bjelland om å få avstå sokneprestembedet til sonen med same namnet. Biskopen i Kristiansand, Jacob Kærup, rådde til "helst efterdi baade Sønnen som Faderen begge vide

med det gamle norske Tungemaal's tale-maade at tale og prædike for Field-bønderne, hvilket en anden ej saa vel til Opbygelse skulle kunde formaa".² Bruken av folkemålet fremja visseleg formidlinga av bodskapen, men herrane Schive representerte unnatak mellom dei geistlege.

Frå eventyr og viser til salmar og preiker

Då teologen Jørgen Moe saman med venen Peter Christian Asbjørnsen byrja gje ut norske folkeeventyr rundt 1840, fann dei ikkje noko alternativ til det danske skriftspråket, men frå forteljarane fekk dei med mange norske ord og seiemåtar. Som døme kan nemnast dobbel bestemt form (den slemme Stedmoderen), etterstilt eigeomspronomen (Hesten hans), gjentakning av pronomen (Du er en fin en, du) og enkeltord som Peis, Kraake og Rype.³

Moes kollega M. B. Landstad var også ein ivrig innsamlar av tradisjonsstoff, og rundt midten av hundreåret gav han ut *Norske Folkeviser*. Både i språk og emne vart visene oppfatta som prov på kontinuiteten mellom det gamle og det nye Noreg, og dei vart til inspirasjon for fleire diktarar. Samstundes tok Landstad på seg å lage utkast til ei ny salmebok. Gjennom det meste av 1850-åra samla han, sette om på nytt eldre salmar og skreiv sjølv ein god del nye. I 1861 vart utkastet trykt, og det synta at Landstad hadde late seg påverke av folkevisestilen og eit norsk tonelag. Mange skrytte av poesien hans, men mykje av språket og stilen vart oppfatta som *for* norsk og folkeleg til kyrkjebruk. Typisk

i så måte var ein redaksjonell merknad av Theodor Bernhoft i det dominerande kyrkjeblad: "Vi tro, i Korthed sagt, at paa det religiøse Gebet maa der være størst Varsomhed med Hensyn til 'Folke-sprogets' Benyttelse - dette Gebet bør vel være det sidste 'Sprog-reformen' bemægter sig [...] Derfor misbillige vi nu Saameget i sproglig Henseende hos Provst Landstad".⁴

M. B. Landstad tok i bruk substantiv som Fjord og Fjære, Prov og Syskend, verb som duge, fostre, vanvyrde og adjektiv som fager, fredsæl, logn og gjæv. Men han sette dei norske orda og formene inn i eit tradisjonelt salmespråk som var og vart dansk. Ein kommisjon av prestar og professorar uttrykte om freistnadene på fornorsking at "Udgiverens Iver for Sprogets Renhed i folkelig Retning har forledet ham til at bruge mange Udtryk, som ikke have en hævdet Brugs Stempel, og som klinge afstikkende mod Psalmernes hele Sprog-tone".⁵ Det vart gjort fleire justeringar i utkastet, og fyrst i 1869 vart boka autorisert. Då var norske ord som hug/hugse og dygd/duge fjerna, og presensformer som rid, spring og syng var retta til tradisjonelle danske former.

På same tida som dei lærde diskuterte Landstads salmespråk, presenterte Julius Bruun nokre "Homiletiske Strøbemærkninger" i *Theologisk Tidsskrift*. Hovudlæraren ved det praktisk-teologiske seminaret var oppteken av at preikespråket skulle høve til målgruppa, men han presiserte at "den Popularitet, vi fordre for Prædikenen, ikke er den *vulgære*, men den *helligede*".⁶ Han mana prestane til å nytte språket åt tilhøyrarane, men slo samstundes fast at "Med det saakaldte 'Maalstræv' har Prædikanten aldeles Intet at gjøre".⁷ Den same haldninga hadde sokneprest Storm Munch då han ti år seinare rådde Bibelselskapet til å reinske vekk alle danske ord og former.⁸

På den tida vart det fleire og fleire bondestudentar ved universitetet, og våren 1880 sette dei språksaka på kartet i den teologiske foreininga. Etter lange drøftingar om korleis prestane burde stille seg til målreisninga, vart det forfatta ein resolusjon til det akademiske kollegiet om å tilby studentane undervisning i "bygdemaalene med deres væsentlige grammatikalske og leksikalske ejendommelig-

heder".⁹ I dei fyrste møta hadde stemninga for saka bore bod om nye tider. Når fleire ytra at prestane burde snakke same språket som soknefolket, såg dei ivrige det som vitnemål om "at Theologarne no fær til aa stige ned av Lærdomshøgdi si, at dei ser, at skal dei verke til sann Vælsigning, so maa dei og Folket vera Eit".¹⁰

Framlegget om bygdemålsundervisning møtte likevel motstand, og for å ta endeleg stilling vart det lyst til eit såkalla allment teologmøte.¹¹ Den siste fredagskvelden i april 1880 samla rundt seksti teologiske studentar seg på Studentertjernet i Underhaugsvegen. Målmennene meinte at mange møtte opp berre for å røyste ned saka. I alle fall vart målreisninga i ordskiftet påstått å henge intimt saman med "samfundsnedrivende Tendenter", og slike ville fleirtalet verje seg mot.¹² Den planlagde søknaden til kollegiet vart forkasta med 33 mot 25 røyster.¹³

Tematikken vart fylgd opp i landsmålsorganet *Fedraheimen* av den unge teologistudenten Ivar Mortensson (seinare -Egnund). Under pseudonymet "Vraal" formidla han nokre opplevingar med preikemålet i samtida. Ein prest i ei fjellbygd brukte i hovudsak det danske bokspråket. Innimellom blanda han ord og uttrykk frå bygdemålet, men det gjorde han så merkeleg og vitlaust at "det kunde vera reint raalaust aa skyna Meiningi".¹⁴ Den mislukka språkbruken åt presten kontrasterte Mortensson med ein ung lekpreikar han hørde på eit husmøte. Då gjekk det langt ut i talen før han ansa på målforma:

- kjære kot er det; meiner eg ikkje, han talar norsk daa; og eg kom ikkje til aa agta paa det fyrr, for Ordi fall seg so lettsleg og greidt, at visst Ingen kom seg te tenkje anna nettupp paa det, han sagde. For han hadde Grunn i Ordet som ein lærd Ein, men i Maal og Maate var han som Ein av Vaare, og reint og vent klang det norske Maal, han leitad ikkje etter Ord, han tok det av Hjertegrunnar.¹⁵

Den varmhuga studenten konkluderte med at forkynninga i kyrkja vanskeleg kunne nå måla før prestane fekk opplæring i norsk. Eit kvart hundreår seinare målbar Peter Hognestad same kravet i eit foredrag for Kristiania preste-

forening: "Uplæring i nynorsk kyrkjemaal bør koma med i det praktisk-theologiske seminar, for prestarne kann alt no koma til bygder, der konfirmandarne hev alle sine lærebøker paa landsmaal".¹⁶ For Ivar Mortensson hadde dei sjølvopplevde døma fått han til å forstå at målsaka hadde eit høgare sikte enn han fyrst hadde tenkt. I 1880 såg han fornorskinga som ein stige opp til dei heilage orda. Målstrevet handla for student Mortensson ikkje berre om nasjonalisme og radikal politikk, men om kvarmanns møte med Gud: "Lett er det aa gange fram fyri Gud, naar me fær koma i okkons egne Klædi, men Fremmindhamen er stiv han, og so vond aa bera".¹⁷

Forflating av det heilage?

Nesten tjuv år etter diskusjonane på Studenterhjemmet og artiklane i *Fedraheimen* prenta *Luthersk Kirketidende* ein redaksjonell artikkel om "Sproget paa vore Prædikestole og ved vore Altere". Bladet klaga over at kyrkjepåskiftet ved hundreårsskiftet var i ferd med å verte vanhelga av slurv og tiltakande bruk av kvardagslege seiemåtar. Døma som vart dregne fram var mellom andre "tat, drat for taget, draget; graate for græde; te for til; lissom for ligesom; goe for gode; glæe for glade; etter for efter; noen for nogen eller nogle; møe eller mye for meget; sto for stod; blet eller blit (endog med tyk l) for blevet" og harde konsonantar.¹⁸ Den kritiske artikkelen fekk presten og indremisjonsleiareren O. K. Grimnes til å reagere. Han vedkjende seg å vere mellom dei som tala både om og til Herren med ord og vendingar frå daglegspråket, og han vona "at Gud ikkje er fult so streng med umsyn paa gramatikken" som kyrkjebladet var.¹⁹

Både for den offisielle kyrkja og for indremisjonen såg Grimnes språkspørsmålet som viktig. Hovudsaka var å forkynne til omvendning og heilag liv, og Paulus hadde gjeve eit føredøme om å tilpasse forma til forsamlinga. Målet åt dei fleste var ikkje særleg "polert", og når lekpreikarar ofte skapte meir vekking enn prestane, var folkelege seiemåtar truleg ein del av forklaringa. Grimnes vona at eit ope ordskifte kunne auke medvitet om saka, og han minte om at det heimlege og nasjonale for tida drog ungdomen med stor kraft. Hjartepåskiftet hadde ei eiga evne til å nå inn: "Det natur-

legaste er alltid det beste. Det gjeld ikkje minst, naar me talar Guds ord."²⁰

Mykje av pionerarbeid med religiøst landsmål hadde born og unge som målgruppe. Prestar med bygdebakgrunn har fortalt at dei nytta folkespråk med konfirmantane lenge før dei tok til med gudstenesteprøker eller liturgi på landsmål.²¹ Mot slutten av 1800-talet voks det fram forkynnande barnarbeid utanom skulen. Dei fyrste søndagsskulane og barnegudstenestene var byfenomen, men dei spreiddet seg etter kvart til distrikta.²²

På landsbygda var Valle i Setesdal tidleg ute. Prestekona Signe Svanholm skipa søndagsskule i lag med Hermine Bernhoft Osa.²³ Det var i 1897, og soknepresten fylgde opp med ettermiddagsmesser for borna.²⁴ Martin Luther Svanholm var oppteken av at forkynninga vart rett oppfatta av tilhøyrarane. Som fersk prest i Valle gjorde han ei skilsetjande oppdaging: "Skal min menighet forstå like lite av mine prekeners som jeg forstår av deres språk, så skal her sannelig bli en underlig Guds ords forkynnelser!"²⁵ Julekveldspreika i 1899 heldt han på klingande dialekt, men ved publiseringa framheva *Luthersk Kirketidende* at tiltaket ikkje måtte sjåast som målstrev: "Forfatteren er ikke hvad man egentlig kalder en Maalmand. Han har kun spurgt efter, hvad der for Tilfældet kunde være nyttigt for Børnene i Valle og bedst føre dem Juleevangeliet til Hjerte."²⁶

Mållag for norske prestar

Hausten 1899 prenta avisa *Den 17de Mai* ei oppmoding til målvenlege prestar om å skippe seg eit samlag for den gode saka. Volda-presten Johannes Barstad vart utfordra til å ta seg av oppstarten, og det gjorde han.²⁷ Det fyrste innbydingsbrevet nemnde dei sterke motkreftene i tida. På grunn av dei var det viktig at norsklynde prestar ikkje vart sitjande "som einlege Fuglar paa Take her og der utyver Lande, tunnsaadde som me hev vore".²⁸ I tillegg til å lite på "høgre Lover" enn naturlovene, var Barstad oppteken av å samle kreftene: "Me maa samraada oss med kvarandre og skifta Røynslor. Ja berre det aa faa mynstra Fylkingen vil gjeva Mod og vekkja Voner."²⁹

Eit halvt hundre prestar og andre teologar melde seg inn i skipingsåret, men færre enn ti stilte på det fyrste møtet i Trondheim same

hausten. Det vart halde i samband med eit større prestemøte, og mykje tyder på at det var dårleg planlagt og veikt organisert.³⁰ Den viktigaste saka dei fyrste åra vart spørsmålet om Blix-salmane og statusen deira. I samarbeid særleg med bokhandlar Olaf Huseby og biskop Anton Chr. Bang arbeidde prestemållaget for å få dei nye salmane autoriserte og for å få landsmålssalmane inn i alle norske salmebøker. Stortinget støtta intensjonane, men i Kyrkje-departementet var skepsisen stor. Både som landsdekkjande mållag og som presteorganisasjon var laget tidleg ute. Presteforeininga for Den norske kyrkja vart skipa i oktober 1900 og Noregs Mållag fyrst i februar 1906.³¹ Etter nederlaget i salmeboksaka dovna verksemda av, men eit nytt prestemållag vart skipa i 1929. Det fungerte med vekslande oppslutnad og aktivitetsnivå i vel femti år.³² Den siste store innsatsen i laget var arbeidet med nynorsken i bibel, liturgi og salmebok rundt 1980.

Talemål og liturgispråk

I eit foredrag i Kristiania presteforening vinteren 1905 slo Peter Hognestad fast at det ikkje lenger kunne stillast spørsmål ved realitetane i målreisninga, men spørsmålet var om rørsle skulle utvikle seg *“med oss prestar eller utan oss”* - og han mana kollegaene: *“Men tenk daa for eit tap det vilde vera, um ei slik stor sak skulle vinna fram utan kristendom.”*³³ Hognestad syntest kyrkja hadde vore sein i snuen, og no hasta det med å kome folk i møte. Han hadde tru på språkleg opplæring og oppmoda fleire til å øve seg i å bruke landsmål i preiker og foredrag, men aller mest i samtalar med sokneborna: *“Det tek seg ikkje lenger godt ut, at presten er den einaste i bygdi, som talar eit reint anna maal enn hitt folket.”*³⁴

Den same Hognestad hadde allereie vinteren 1899-1900 omsett gudstenesteliturgien. Då rådførte han seg med Elias Blix og tilpassa stilen til det fyrste Nystamentet på landsmål. Men det gjekk mange år før Tekst- og altarboka vart autorisert. Seinkinga var grunna både i politiske prioriteringar og i sterk motstand frå biskopane. I eit høyringssvar sommaren 1907 hevda Christen Brun på Hamar at omsetjinga burde *“tillades benyttet ved den offentlige gudstjeneste i de sognemenigheder, hvor presten til enhver tid er istand og villig til at*

prædike paa landsmaal”.³⁵ Det reagerte praktikumstyraren Bernt Støylen på. Han kunne ikkje godta at haldninga til presten skulle stå over viljen åt kyrkjelyden.

Det er lett å forstå at Støylen var imot å leggje inn den reservasjonen som Hamar-bispen bad om. For det eine ottast han nok som målmann at ei slik formulering kunne hindre utbreiinga av nynorsk kyrkjespråk langt inn i framtida. Men Støylen representerte også ein pastoralteologi som generelt la stor vekt på samverket mellom prest og kyrkjelyd. Han hylla ikkje noko aristokratisk embetsideal. For skuld bodskapen skulle presten samarbeide med og tene kyrkjelyden. Då burde han ikkje gjevast løyve til å trosse folkeviljen i spørsmålet om gudstenestespråk.

Departementet hadde ikkje spurt Støylen om dei formelle sidene ved saka, og resolusjonen fylgde heller ikkje opp synet hans. I statsråd 28. oktober 1907 vart den nynorske Tekst- og altarboka autorisert til gudstenesteb bruk *“i de sognemenigheder, hvor dette vedtages i et menighedsmøde [...] og hvor presten (presterne) til enhver tid ser sig istand til at prædike paa landsmaal”*.³⁶ Vilkåret om målbruken åt presten vart visseleg med på å seinke innføringa av liturgien, men med autoriseringa hadde det norske folkespråket fått offisiell status som kyrkjespråk.

Då og no

Me har gjeve nokre glimt av kampen for å få norsk landsmål eller folkespråk inn i kyrkjelege samanhengar. Leiande geistlege var lenge svært skeptiske, men unge idealistar stod på og fekk etter kvart gjennomslag både i styringsverket og i mange lokalsamfunn. Dei som hevdar at nynorsk berre høyrer heime i stall og svinebinge, dei kjenner slett ikkje kyrkjelivet i Noreg. Presteskapet spela ei sentral rolle i å gjere norsk folkespråk til kultur mål, og religiøse tekster har vore med og sett standardar for god språkføring.³⁷

I dag er det sjølv sagt for dei aller fleste kyrkjelydar å syngje salmar i begge målformer, at presten preikar på det målet som ligg vedkomande nærast, og at liturgien går føre seg i den forma som soknemøtet har vedteke. Men innafor dei rammene kan medvitet om språkleg praksis variere. *Ei sak er det å bruke*

dialekt på preikestolen, men kor tenleg er det å justere liturgien til tonefall og seiemåtar i talemålet åt den einskilde? I tillegg til balansen mellom personleg og normert ytringsform bør forkynnarane vere varsame med framand-ord eller andre (kristelege eller intellektuelle) sosiolektar som skaper avstand til mange i forsamlingane. Fenomenet “presterøyst” har lenge vore karikert, og tilsvarande kan det vere grunn til å passe seg for eit sær-geistleg stammespråk.

Flyttestraumen til byane gjorde at det tidleg på 1900-talet vart oppretta egne stiftskapellanstillingar med ansvar for gudstenester og anna pastoral teneste på landsmål. Sidan har mobiliteten i samfunnet berre auka. Omsynet til kyrkjeleamar med ulik bakgrunn tilseier at i vår tid bør ein kvar salmesetel ha innslag frå begge dei norske målformene. Midt i all debatt om bibelomsetjing, ny salmebok og alternative liturgiske ordningar, er det viktig at presteskapaet held oppe medvitet om den språklege sida ved tenesta. Det handlar om korleis evangeliet vert formidla - og på det området kan ikkje kyrkja late seg styre av marknadskreftene eller liberalistiske ungdomspolitikkarar.

¹ Armara Butt, Unge Høgre, i ein skuledebatt ved Nes vidaregåande skole i Akershus; referert i fleire norske aviser i slutten av august 2009.

² Biskopens påteikning 9.5.1735; Statsarkivet i Kristiansand, Bispearkivet, Kærups kopibok nr. 5 s. 257.

³ Jf. “[...] det er det eneste Rigtige at vore Skribenter fra Almuesprogets Guldgruber hente, hvad de tiltrænge og hvad de med Fordeel kunne benytte; disse Gruber eie Malme, der have en klar og kraftig Klang til Toner netop for Det, Nordmænd have at sige og syngte”; J. Moe, *Sange, Folkeviser og Stev i Norske Almuedialekter* (1840) s. VII.

⁴ *Norsk Kirketidende* nr. 9, 2.3.1862.

⁵ Kommissjonsuttale 1867; sitert etter P. E. Rynning, *Salmediktning i Noreg* b. 2 (1954) s. 100. Biskop Grimelund leia kommisjonen. Dei andre medlemene var Jørgen Moe og J. N. Skaar (begge seinare biskopar) i tillegg til professorane M. J. Monrad og Tønder Nissen. Meir om striden kring Landstads salmespråk hjå A. Skrondal, “Striden um norsk maal

i kyrkjesimalmen”, *Norvegia Sacra* (1932) ss. [130]-147 og H. Blom Svendsen, *Norsk Salmesang* b. 2 (1933) ss. 46-54.

⁶ J. Bruun, “Homiletiske Strøbemærkninger II”, *Theologisk Tidsskrift* 1866 s. 150.

⁷ Same verk s. 151. Jf. reaksjonen på Bruuns ytring i *Den norske Folkeskole* nr. 22, 22.11.1866 ss. 171-172.

⁸ Å. Holter, *Det norske bibelselskap gjennom 150 år* [1966] s. 443.

⁹ Or framlegget til petisjon slik det er prenta i *Fedraheimen* nr. 19, 8.5.1880 (referert i stykkjet i neste note).

¹⁰ “Ein Theolog”, “Um Prestens Forhold til Bygdemaalet”, *Fedraheimen* nr. 19, 8.5.1880.

¹¹ Annonseret m.a. i *Aftenposten* nr. 98A, 29.4.1880.

¹² “Ein Theolog”, “Um Prestens Forhold til Bygdemaalet”, *Fedraheimen* nr. 19, 8.5.1880.

¹³ Notisen “Forelæsninger over Bygdemaal”, *Verdens Gang* nr. 52, 4.5.1880. Til resultatet supplerte avisa: “Flere af de 33 var dog enige i Tanken, men stemte mod af formelle Grunde”; same stad.

¹⁴ Vraal, “Nokre Røynslur um Preikemaalet”, *Fedraheimen* nr. 20, 15.5.1880.

¹⁵ Same stad.

¹⁶ P. Hognestad, “Kyrkja og den norske maalreising”, *Luthersk Kirketidende* nr. 15, 15.4.1905 s. 233.

¹⁷ Vraal, “Nokre Røynslur um Preikemaalet”, *Fedraheimen* nr. 20, 15.5.1880.

¹⁸ “Sproget paa vore Prædikestole og ved vore Altere”, *Luthersk Kirketidende* nr. 19, 13.5.1899 ss. 298-299.

¹⁹ O. K. Grimnes, “Indremisjonen og nynorsken”, *Sambaandet* nr. 27, 8.7.1899.

²⁰ Same stad.

²¹ T.d. Johannes Barstad (f. 1857) og Johan Lavik (f. 1858) i søknadene om Voss soknekall, juni 1918; Riksarkivet, Krk.-dept. A, Geistlege embets-søknader.

²² K. Norseth, “La oss bryte over tvert med vor stumhet!” (2007) ss. 145-168 og H. Fæhn, Gudstjenestelivet i Den norske kirke (1994) s. 357.

²³ K. Kyrvestad, “Kristne lag og organisasjonar”, *Kyrkja på Vaddarhaugen* (1994) s. 89. Hermine var dotter av teologen Theodor Bernhoft (1833-85; jf. note 4 ovanfor og V. L. Haanes, “Hvad skal da dette blive for prester?” (1998) ss. 173-174, 220 og 275) og gift med kunstnarane Lars Osa; jf. L. Osa, *Med pensel og feleboge* (1954) ss. 53-55 og S. B. Osa, *Spelemannsliv* (1979) s. 12.

²⁴ I 1899 var det slike både jul- og nyårsafta (som det året var søndagar med høgmesser begge føremiddagane).

²⁵ Fortalt av sonen dr. theol. Chr. Svanholm til hans son Kjell; K. Svanholm til P. Halse 19.2.2009. Etter åra i Valle var M.L.S. prest i Drangedal, Solum og Nidarosdomen.

²⁶ Redaksjonell note til "Julekvellsmesse for bonn - 1899", *Luthersk Kirketidende* nr. 25, 22.12.1900.

²⁷ Oppmodinga til Barstad frå "Ein vestlandsprest" i *Den 17de Mai* nr. 236, 12.10.1899 og innbydinga hans til lagsskipinga "Maallag av norske Prester"; *Stille Stunder* nr. 22, 28.10.1899 og *Den 17de Mai* nr. 258, 8.11.1899.

²⁸ J. A. Barstad, "Maallag av norske Prester", *Stille Stunder* nr. 22, 28.10.1899.

²⁹ Same stad.

³⁰ Sju tidlegare innmelde og to nye tok del; Heyerdahl til Støylen 26.10.1900; Riksarkivet, PA-1526. Jf. *Den 17de Mai* nr. 245, 22.10.1900.

³¹ Prestemållaget fortener nærare gransking, men eg kan ikkje sjå at det er nemnt korkje i K. Haugland,

"Organisasjons-gjennombrotet i målarbeidet ved hundreårsskiftet", *Historisk Tidsskrift* 1977 ss. [19]-52 eller i A. B. Amundsen, *Kollegialitet og interessekamp* [2000].

³² Dei ymse epokane, viktige tiltak og sentrale lagsleiarar er presenterte i P. Halse, "Soga om Prestemållaget", *Stille Stunder* nr. 3-2009 ss. 4-5.

³³ P. Hognestad, "Kyrkja og den norske maalreising", *Luthersk Kirketidende* nr. 14, 8.4.1905 s. 214.

³⁴ P. Hognestad, "Kyrkja og den norske maalreising", *Luthersk Kirketidende* nr. 15, 15.4.1905 s. 233.

³⁵ Her referert etter Bernt Støylens brev til departementet 2.9.1907; Riksarkivet, Krk.-dept. A, pakke 112.

³⁶ *Departements-Tidende* 1908 ss. [497] og 515.

³⁷ Jf. R. Indrebø, "Fedrane kyrkja", *Det norske Samlaget* 1868-1968 (1968) s. 173.

Idealistisk antropologi og uklar erfaringsteologi

AV TORLEIV AUSTAD

Tore Laugerud og jeg er enige om at livserfaring er vesentlig i vår forståelse av kristen spiritualitet. Vi fremhever også at kirken gjør klokt i å lytte til den åndelige lengsel som er merkelig hos mange mennesker i dag. Når det likevel skjærer seg i vår samtale, skyldes det først og fremst uenighet i synet på antropologien i teologisk og kirkelig perspektiv. Vi ser ikke likt på menneskenaturen. Laugeruds siste innlegg (LK 11/2009) bekrefter det. Hans ærend er å få kirken til å revidere sitt syn på mennesket. Jeg kan ikke følge hans erfarings-teologiske forsøk på å begrunne Guds nærvær i den menneskelige lengsel fra fødselen av.

Erfaringen

La meg starte med Laugeruds ønske om at "kristen teologi må tilkjenne erfaringen vital betydning." All vår innsikt formes av de erfaringer vi gjør i våre relasjoner, hevder han, og uttrykker ønske om at teologien "med indre nødvendighet blir ledet tilbake til religiøse erfaringer som sitt eksistensgrunnlag." Når de nyåndelige forståelsesformer fremstår som attraktive i dag, er det fordi de svarer til "post-moderne menneskers selverfaring," sier han. Men det betyr ikke at han vedstår seg å spille erfaringen ut mot Skriften. Han understreker at både Skriften og "kirkens store tradisjon" er kilder til erkjennelse av kristen tro og kristent menneskesyn.

Det kritiske spørsmålet er hvorvidt erfaringen, som han henter fra ulike tradisjoner i fortid og nåtid, blir selve tolkningsnøkkelen til bibeltekstene. Når han sier at teologien "springer ut av erfaringen av Jesu oppstandelse

og fortsatte nærvær gjennom Den Hellige Ånd," ligger det nær å spørre hvem sine erfaringer det er som her er normerende. Er det erfaringene til de apostoliske vitner, som er nedfelt i bibeltekstene? Eller er det folks erfaringer av at Jesus lever, som tillegges avgjørende vekt? Jeg må innrømme at jeg strever med å få tak i hva Laugerud egentlig mener. Han viser til at kirkens store teologer gjennom bønn og kontemplasjon i klostrene oppdaget "en større fylde av hva som bor i mennesket og i Gud," og at deres erfaringer ble "en nøkkel" til å forstå Skriften. Betyr dette at de erfaringer en gjør i sitt bønneliv, kan utfylle det kjennskapet en får til Gud gjennom de bibelske tekster? Og hva blir da til sist den avgjørende kritiske norm? Fordi jeg ikke kan se at Laugerud gir et klart svar på disse spørsmålene, sitter jeg igjen med inntrykk av at hans erfaringsteologi er uklar.

Den åndelige lengsel

Mistanke om uklarhet styrkes gjennom det Laugerud skriver om den åndelige lengsel i vår tid. Han sier at mennesker som forteller om "spesielle åndelige erfaringer," i virkeligheten opplever "ekte åpenbaringer." Spørsmålet er hvilken autoritet disse "erfaringer" og "åpenbaringer" skal tillegges når det gjelder å finne veien til Gud. Er de pålitelige veivisere? Kan de føre vill? Hvordan skal en kritisk kunne bedømme sine egne åndelige opplevelser? For meg er det ikke tilstrekkelig å si at disse - i likhet med erfaringene til de vise menn fra Øst (Matt 2) - er tegn på at en er på vei til "Betlehem", selv om veien kan være lang.

Her er vi ved et punkt hvor det tydeligvis er uenighet mellom Laugerud og meg. Mens jeg mener at det er berettiget å spørre *hvem* og *hva* en lengter etter, gjentar han at den åndelige lengsel ikke nødvendigvis har "et bevisst innhold." Den er primært en drivkraft som beveger mennesket. Vi skal derfor ikke spørre *hva* de ny-åndelige søker i panteismen, eller *hva* de ser etter i reinkarnasjonstanken, men *hvorfor* de gjør det. Da vil vi etter Laugeruds syn oppdage at vi har "en felles, menneskelig grunn." Han går ut fra at vi har de samme lengslene og "søker etter svar som kan tilfredsstille de samme eksistensielle behov." Det er en antropologisk realitet, hevder han.

Betyr det at Gud er i alle menneskers liv fra begynnelsen av? For meg ser det ut til at Laugerud svarer ja på dette spørsmålet. Menneskets natur er preget av Gud. Derfor er den åndelige lengsel egentlig en "hjemlengsel." Det er ikke en menneskelig lengsel etter Gud, men en lengsel som Gud har nedlagt i mennesket. Laugerud sier at "*Guds lengsel etter mennesket*" er selve drivkraften i skaperverket og i frelsesverket. Jeg forstår dette synet slik at Gud har etterlatt sitt bilde både i det enkelte menneske og i naturen. I betenkningen *Kirkens møte med den åndelige lengsel i vår tid* (1999) sies det uttrykkelig at det åndelig lengtende menneske bærer på "et minne om Gud." Den åndelige lengsel springer derfor ut av vår guddommelige natur. Det er derfor vi lengter tilbake.

Laugerud hevder at mennesker i fremtiden vil være kristne eller ikke-kristne gjennom sin egen erfaring av Gud som "en virkelighet som åpenbarer seg, er nær og inviterer til fellesskap og kjærlighet." Det er nok grunnen til at han setter som overskrift over sin siste artikkel i LK: "Nødvendig å knytte an til menneskets åpenhet for Gud." Det er dette religiøse apriori, minnet om Gud, jeg gjenkjenner som idealisme - rendyrket idealisme. Jeg fastholder derfor at Laugerud og jeg skiller lag i forståelsen av menneskets gudbilledlighet.

Synden

Uenigheten mellom Laugerud og meg i synet på den teologiske antropologi gjenspeiler seg også i forståelsen av synden. Laugerud hevder at en forkynnelse av at synden skiller mennesket fra Gud, "*kan vanskelig påberope seg*

evangelienes støtte." Som belegg henviser han til fortellingen om Jesus og den samaritanske kvinne (Joh 4) og tolker kvinnens tørst etter det levende vannet som "en hemmelighet som begynner i Jesu egen tørst." Det er en tørst som Gud har nedlagt i dype menneskelige lengsler - "lengselen etter renselse og helbredelse i sinnet." For ikke å bli misforstått vil jeg understreke at jeg gjerne vil lære av Jesus at det i en sjelesørgerisk samtale er viktig å begynne med Guds kjærlighet og innbydelse til fellesskap, og at talen om synd og skyld kan komme på et senere tidspunkt. Men jeg kan ikke være med på å forkaste tanken om at det er synden som skiller mennesket fra Gud. Vi kan ikke tale om den gudskapte lengsel i mennesket på en måte som undergraver troen på at Jesus Kristus kom til verden for å frelse syndere. (Jfr. Matt 9,13; Joh 3,16f) Bakgrunnen for Paulus' forkynnelse av Jesus Kristus er at "alle har syndet, og de har ingen del i Guds herlighet." (Rom 3,23) Laugerud er derfor svært radikal når han hevder at vi ikke skal forkynne at synden skiller oss fra Gud.

I mitt forrige innlegg (LK 1/2009) spurte jeg Laugerud hva han legger i sin påstand om at "synden speiler noe opprinnelig godt." Den er ikke "tvers igjennom negativ." Nå svarer han ved å vise til Peter Haldorf, men uten å kunne verifisere utsagnet. Det er derfor et svar som henger i løse lufta! Når Laugerud for egen del sier at den menneskelige drivkraften er god, "men synden bøyer den mot egoet og skaper grådighet og havesyke," så er heller ikke det noe klart svar. Det sier ingenting om at synden "speiler noe opprinnelig godt." Derfor må jeg opprettholde mitt spørsmål til Laugerud.

Betenkningen fra 1999

Når betenkningen *Kirken i møte med den åndelige lengsel i vår tid* (1999) ikke fikk ordentlig gjennomslag i Den norske kirke, var det neppe fordi Edvard Hoem og andre stilte spørsmålstegn ved om det virkelig er en åndelig lengsel i vårt folk. Hovedgrunnen til betenkningens begrensede betydning ligger etter mitt skjønn i en tvilsom antropologi og en uklar erfarings-teologi. Den var ikke egnet til å overbevise og begeistre! Betenkningen var et teologisk lappeteppesom forsøkte å holde sammen tradisjoner som ikke lar seg forene.

Tre spørsmål til Presteforeningen

AV JOHNNY ROY KNUDSEN

Eg har i lengre tid vurdert å melde meg ut av Presteforeningen (PF). Grunnen er såre enkel: Eg tykkjer ikkje dei har gjort godt nok arbeid på tre viktige punkt. Eg skreiv dette til PF og fekk ein god samtale med generalsekretæren over telefon etterpå. Då eg trur kanskje at mine spørsmål kan ha interesse for andre, tek eg dei fram her:

Løn

No har eg vore prest i 30 år. Gjennom desse åra trur eg eg har fått ein god del erfaring eller kompetanse som kjem godt med i dei ulike situasjonar ein står oppe i. Etter 30 år har eg komen i lønstrinn 61. Spennet på lønnsstigen er opp til 75. Nytilsette prestar kan i dag starte på lønstrinn 53 etter ferdig utdanning. Eg spør meg då: Vil det ta dei 30 år å kome opp i lønstrinn 61? Eg opplever det nok så urettferdig at prestar med nokre få år bak seg, stiller likt med oss på lønsskalaen som har 30 års teneste bak seg. Spørsmålet til PF er derfor: Tykkjer de at dette er rett? Kan me som no nærmar oss dei 60 forvente minst 10 lønstrinn opp med det fyrste?

Bustad

